

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

| | |
|-------------------------|-------------------------|
| Dato | 03.01.2024 |
| Vår referanse | 2023/84587-7 |
| Dykkar referanse | |
| Sakshandsamar | Bjørnar Tjoflot |
| E-post | Bjornar.Tjoflot@vlfk.no |
| Telefon | 99100814 |

Att.Hanne Torsdatter Petlund

Høyringsuttale til konsesjonssøknad for Neselva II kraftverk i Gloppen kommune

Oppsummert administrativt innspel frå Vestland fylkeskommune

Det er viktig at det vert sikra ei tilstrekkeleg minstevassføring.

Deler av tiltaket ligg i nyleg kartlagd friluftsområde, vurdert som viktig, men det er usikkert om tiltaket vil ha konsekvensar for friluftsliv.

Bakgrunn

Konsesjonssøknaden for Neselva II kraftverk var på høyring våren 2019. Av ulike årsaker har NVE ikkje prioritert å ferdigstille saken. Det vil dei gjere no. sidan det har gått over fire år sidan høyringa ber NVE om ev. nye forhold i saka frå dei som uttala seg i førre runde.

Fysisk aktivitet og inkludering

Sidan saka var på høyring sist, for fire år sidan, har Gloppen kommune gjennomført kartlegging og verdsetting av friluftslivsområde.

Nedbørsfeltet til kraftverket ligg i kartlagd friluftsområde, vurdert som viktig, medan inntak og planlagd vassveg ikkje er omfatta av noko kartlagd friluftsområde.

På bakgrunn av eksisterande informasjon er det lite truleg at tiltaket vil ha nemneverdige konsekvensar for friluftsliv.

Vassmiljø

Fylkeskommunen er vassregionmyndigheit etter vassforskrifta og har ansvaret for forvaltning av haustbare, ikkje trua bestandar av innlandsfisk. Nedre del av tiltaksstrekninga er bygd ut tidlegare, og det må vurderast kva for konsekvensar ei vidare utbygging vil få på tilstanden etter vassforskrifta.

I konsekvensvurderinga frå 2013 står det at: «*Elva har en tynn bestand av småfallen aure. Redusert vannføring vil gi mindre vanddekning og en forventet reduksjon i biologisk produksjon, som vil være næringsgrunnlag for fisk. Det kan forventes økt vanntemperatur sommerstid og noe redusert vanntemperatur vinterstid. Dette kan gi svakt endret artssammensetning av vannlevende organismer. Foreslått slipp av minstevannføring i sommerhalvåret og vinterhalvåret vil være viktig for å ivareta produksjon av fisk og andre ferskvannsorganismer. Tiltaket vurderes samlet å ha middels negativ virkning på akvatisk miljø.*» Det er difor viktig at det vert sikra ei tilstrekkeleg minstevassføring.

Med helsing

Sølve Dag Sondbø
seksjonssjef
NPI - Grøn næringsinfrastruktur

Bjørnar Tjøflot
rådgjevar
NPI - Grøn næringsinfrastruktur

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi til:

STATSFORVALTAREN I VESTLAND

Njøsavegen 2

6863

LEIKANGER

GLOPPEN KOMMUNE

Grandavegen 9

6823

SANDANE